



Arkivnr: 2014/560-268

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		16.12.2016

Ungdommens planprogram 2017: Innstilling frå Ungdommens fylkesutval til Ungdommens fylkesting

Samandrag

Ungdommens fylkesting (UFT) skal kvart år vedta Ungdommens planprogram (UPP) som er politikken
Ungdommens fylkesutval (UFU) skal jobbe med det neste året. UFU har mynde til å kome med innstilling til
fylkestinget og kan difor legge fram eit forslag til UFT på UPP 2017.

UFU bør difor:

1. Sjå gjennom UPP 2016 og vurdere kva ein bør fortsette å ha i planprogrammet og kva som bør
fjernast. Merk at for at UPP 2017 ikkje skal verte så stort bør ein gjennomgå programmet litt kritisk.
2. Gå igjennom forslaga som kom på nettverkssamlinga om det er noko der ein ønskjer å ha med i
UPP 2017. Ver tydeleg på kva som er eit mål og kva som er eit tiltak.
3. Notere kva som er fjerna eller lagt til, og kvifor, slik at det er lett å forklare på UFT når ein går
igjennom forslaget.
4. Sende inn den endelege teksta til administrasjonen slik at denne kan leggast inn i malen.

Det er ein fordel om forslag til UPP 2017 vert ferdig på møtet i desember slik at det kan sendast ut til dei
kommunale ungdomsråda så tidleg som mogleg. Det gjer at dei kan kome med egne forslag frå sine
ungdomsråd og ein får løfta diskusjonen noko.

Vedlagt finn de UPP 2016 i word-dokument slik at det er enkelt å gjere endringar.

Forslag til innstilling

Ungdommens fylkesting vedtek Ungdommens planprogram 2017 slik det vert lagt fram.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.